

## Notat

Dato: 28. nov 2018

Frå: Økonomisjef Per Inge Olsen

### Gjeld formulering av tekst om eigedomsskatt i framlegg til budsjettvedtak for 2019

Vi har i framlegg til vedtak om budsjett 2019 brukt same formulering som føregåande år vedr. eigedomsskatt. Basert på informasjon frå KS sitt eigedomsskatteforum (KSE) må framlegget korrigerast, då det ikkje er dekkande i forhold til endringar i eigedomskattelova når det gjeld beskatning av verk og bruk (inkl. overgangsreglar).

Vedtaket bør utformast slik, dersom ein ikkje justerer promillesats eller gjer framlegg om retaksering;

- I medhald av eigedomskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skriv Meland kommune ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen.
- Det vert skrive ut skatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når tidlegare verkt og bruk skal takserast og reknast som næingseigedom frå 2019. Det særskilde skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2019 vera redusert med ein sjudel (jf. overgangsregel til esktl. §§ 3 og 4 første punktum). Skattesatsen på det særskilde grunnlaget skal vera 7 promille.
- Den generelle skattesatsen er 7 promille. For bustadeigedomar og fritidseigedomar skal skattesatsen vera 3,5 promille (jf. esktl. § 12 a). Skattesats for ubygde grunneigedomar skal vera 3,5 promille (jf. esktl. § 12 bokstav b).
- Allmenn taksering vert utsett, og gjeldande takstar vert vidareført i 2019 (jf. esktl. § 8 A-3 (2)).
- Eigedomsskatten skal betalast i tre årlege terminar.

Saksid: 18/2534  
F-møte 28/11-18